



Hordaland fylkeskommune
Opplæringsavdelinga – seksjon skule
Att: Venke Barrikmo

Vår ref.: MV/BKØN

Dykkar ref.: venbar

Stend, 16. januar 2018

Gratis skulefrukost – søknad om midlar

Mange av våre elevar har lang reiseveg. I tillegg har dei lange skuledagar, prega av stor aktivitet – i idrett og fysisk arbeid/aktivitet, inne og ute i friluft. Å få tid til å ete nok og riktig mat er for mange ei utfordring. Det er stor variasjon i elevgruppa vår, med ei stor gruppe med låge inntakspoeng. Vi veit og at vi har elevar som kjem frå ressursvake heimar, og trur eit tilbod om gratis frukost kan vere spesielt viktig for desse elevane sitt læringsutbytte. For å nå flest mogleg vil vi prøve ut ulike typar mat som er lett å forsyne seg med, slik at elevane prioriterer frukosten, sjølv om dei har lita tid før undervisning.

Undersøkinga blant elevane viser stor interesse for eit tilbod om frukost. Vi vil difor gjerne undersøke om eit slikt tilbod kan føre til ei positiv endring i læringsutbytte og trivsel for elevane på Stend. Det vil vere eit delmål å utvikle dette som ein arena der elevane kan møtast, på tvers av utdanningsprogram og grupper.

Med grunnlag i ei undersøking gjennomført i veke 2 (sjå vedlegg), og med den kunnskapen vi har om kva eit godt kosthald betyr for læring og utvikling, så søker vi om midlar til gratis skulefrukost.

Vi planlegg tiltaket slik:

Skulefrukost to dagar i veka 07:45-08:45 i perioden februar til desember 2018 (totalt 50 dagar). Ut i frå kartlagt interesse planlegg vi for servering av inntil 100 elevar kvar gong. Vi reknar med ei utgift pr. elev på kr. 28,- (som inkluderer lønnsutgifter).

Totalt søker vi om kr. 140.000,-

Med vennleg helsing

Magnus Vaktskjold

Rektor

Berit Karin Ø. Nilssen

Elevinspektør

Vedlegg: Resultat av undersøking blant elevane på Stend vgs, gjennomført i veke 2 - 2018.



Fag	STJ InfoElev 17-18
Undersøking	Frukost på skulen?
Dato	15.01.2018
Tidsfrist	12.01.2018
Talet på svar	246
Talet på brukarar som har tilgang til undersøkinga	(elevtal 514) 700
Svarprosent	35,10 %
Hvilken klasse går du i?	Sjå Vis resultat... dersom du vil ha meir informasjon.
Spiser du frokost hver dag?	Ja: 56,9% Nei: 43,1%
Er du interessert i et tilbud om skolefrokost?	Ja: 85,8% Nei: 14,2%
Hvilke to dager vil passe best for deg?	Gjennomsnitt: 2.36 Standardavvik: 1.29
Mandag	29,30 %
Tirsdag	32,50 %
Onsdag	14,20 %
Torsdag	9,30 %
Fredag	10,20 %
Ikkje svart på	4,50 %
Hvilken mat vil du ha?	Gjennomsnitt: 1.58 Standardavvik: 0.49
Havregrøt	40,20 %
Brødskiver med enkelt pålegg	54,50 %
Ikkje svart på	5,30 %
Har du andre kommentarer til et eventuelt tilbud om skolefrokost? Si gjerne noe om sannsynligheten for at du vil benytte deg av et tilbudet, og hvorfor/hvorfor ikke du vil benytte deg av det.	Sjå Vis resultat... dersom du vil ha meir informasjon.

To døme på kva våre elevar svarte på det siste spørsmålet:

Det er mange inkludert meg som ikke har tid til å spise frokost før de drar hjemme fra. Et frokost tilbud vil være nyttig for elever som ikke har tid, eller som ikke har lyst til å spise frokost hjemme på grunn av feks. familieproblemer. Det kan også være at de ikke har så god råd, og elever føler de ikke bør spise så mye, for å spare på maten hjemme. Elever yter best når de har fått nok søvn, og starter dagen med en skikkelig næringsrik frokost! Dere kan evt ha en prøveperiode, og se hvor mange elever som benytter seg av tilbudet over lengre tid. Jeg ville gitt det en sjangse! ;))

Veldig stor sannsynlighet, fordi da får vi et bedre felleskap om alle velger å spise på skolen og vi starter dagen bra. Da er vi sikret at alle får i seg mat og fokuset blir bedre på skolen. Mat øker konsentrasjonsevne. Frokostblandinger kan være et godt alternativ og.